



Etne kommune,
Sjoarvegen 2,
5590 ETNE

Saksbehandlar, innvalstelefon

Håvard Rød, 5557 2143

Etne kommune - budsjett 2022 og økonomiplan 2022-2025

Etne kommunestyre har i møtet 9. desember 2021, sak 057/21, handsama og vedteke budsjett 2022 og økonomiplan for 2022-2025. Vi har motteke saksdokumenta til orientering.

Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer Statsforvaltaren at budsjett og økonomiplan er i balanse. Dette brevet er ei tilbake-melding om korleis vi vurderer økonomien til kommunen og utviklinga slik ho er planlagt i budsjett og økonomiplan.

Kommunal- og distriktsdepartementet har sett i gang eit treårig forsøk for å skape ei tettare kopling mellom det bustadsosiale arbeidet og andre kommuneretta oppgåver hjå Statsforvaltaren i Vestland. I forsøksperioden er Husbanken sine oppgåver for dette fagområdet overførde til Statsforvaltaren. Eit godt bustadsosialt arbeid vil over tid vere lønsamt for kommunane, og til rettleiing og oppfølging av kommunane vil vi m.a. bruke informasjon frå budsjett og økonomiplanar. Vi ber difor om at kommunane frå 2023 omtalar mål og tiltak innafør det bustadsosiale arbeidet i budsjettdokumenta.

Oppsummering

Kommunen har framleis eit moderat gjeldsnivå. Lånegjelda kjem til å auke i økonomiplan-perioden som følgje av fleire store investeringsprosjekt. Det er viktig å unngå at lånegjelda blir for høg. Det er likevel grunnlag for å gjennomføre planlagde investeringar og auke lånegjelda noko dersom kommunen har tilstrekkelege store netto driftsoverskot.

Det er viktig at kommunen opparbeider noko større disposisjonsfond som driftsreserve når gjeldsnivået er pårekna å bli høgare.

Budsjett 2022

Det er rekna med eit netto driftsoverskot for 2021 på mellom kr 10 mill. og kr 12 mill.

Netto driftsoverskot i budsjettet for 2022 er kr 5,1 mill. Det utgjer 1,3 prosent av drifts-inntektene.



Kommunen har budsjettert med kr 123.490.000,- i skatt på eige og inntekt for 2022. Ordinær skatt og rammetilskot er budsjettert med til saman kr 280,4 mill.

Dei budsjetterte inntektene er om lag på same nivå som i den siste inntektsprognosen.

Det er budsjettert med kr 20,3 mill. i eigedomsskatt for 2022. Innkomen eigedomsskatt i 2021 var om lag kr 20,4 mill. Skattesatsen på bustader og fritidseigedomar blir vidareført med 4,0 promille frå 2020 til 2021. Det er pårekna noko lågare eigedomsskatt enn budsjettert for i år.

Kommunen fekk i 2021 kr 1,8 mill. i utbetaling frå Havbruksfondet. Det er budsjettert med ei utbetaling på kr 4,7 mill. frå fondet i år.

Det er budsjettert med kr 10,0 mill. i ordinære avdrag (utanom avdrag på formidlingslån). Dei ordinære avdraga oppfyller minimumskravet for ordinære avdrag i kommunelova.

I 2022 er det budsjettert med brutto investeringar for til saman kr 48,0 mill. Av dette utgjer avgiftsfinansierte investeringar i vassverk og avlaup til saman kr 16,5 mill. Den største investeringa i år er i psykiatribustader og dagsenter. Andre større investeringar gjeld utviding av gravplassar og asfaltering av vegar.

Investeringane er i hovudsak planlagt finansierte med bruk av lån, kr 34,7 mill. Dette er bruk av unyttta lånemidlar og nytt låneopptak (kr 24,5 mill.). Investeringane blir elles finansierte med momskompensasjon og tilskot m.m.

Ramme for startlån i 2022 blir løyvd med nytt låneopptak på kr 3,0 mill.

Kommunen si brutto langsiktige lånegjeld ved utgangen av 2021 var kr 319,9 mill. (førebeles rekneskap), medrekna startlån til vidare utlån. Dette utgjer 80,4 prosent av sum driftsinntekter i 2021. Lånegjelda var til same tid om lag kr 79.500,- per innbyggjar. Startlån inngår i brutto lånegjeld ved utgangen av 2021 med kr 26,4 mill.

Økonomiplan 2022 - 2025

Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Saman med årsbudsjettet skal han vise kommunestyret sine prioriteringar og løyvingar og dei mål og premisser som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Kommuneplanens handlingsdel, med same formål, kan inngå i økonomiplanen.

I økonomiplanen for 2023-2025 er det lagt opp til noko større årlege netto driftsoverskot enn i budsjett 2022. Netto driftsoverskot er planlagt frå 1,7 prosent til 2,1 prosent av driftsinntektene i denne planperioden.

Kommunen sitt disposisjonsfond var kr 34,6 mill. ved utgangen av 2021 (førebeles rekneskap). Det utgjer 8,7 prosent av driftsinntektene i 2021.

Det er planlagt fleire store investeringsprosjekt i økonomiplanperioden. Lånegjelda kjem difor til å auke i år og auke ytterlegare i resten av planperioden. Økonomiplanen legg opp til ein relativt stor auke i lånegjelda til utgangen av 2025. Dei største investeringane i planperioden er i nytt vassverk Etnesjøen, ombygging av omsorgssenter, symjehall og reovering på Tinghuset.



Finansielle måltal

Etter kommunelova skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal med handlingsreglar for utvikling av økonomien til kommunen. Finansielle måltal skal nyttast i planlegging og styring, som grunnlag for å vareta den økonomiske handleevna over tid.

Kommunen har vedteke følgjande måltal:

1. Netto driftsresultat skal vere minimum 1,3 prosent av brutto driftsinntekter for 2022. For resten av planperioden er måttalet 2,0 prosent.
2. Netto lånegjeld skal ikkje overstige 80 prosent av sum driftsinntekter. For resten av planperioden er den øvre grensa 95 prosent.
3. Disposisjonsfondet bør utgjere minimum 10 prosent av sum driftsinntekter. For resten av planperioden er måttalet 14,0 prosent.

Statsforvaltaren sine vurderingar

Kommunen har framleis eit moderat gjeldsnivå. Lånegjelda kjem til å auke i økonomiplanperioden som følgje av fleire store investeringsprosjekt. Det er viktig å unngå at lånegjelda blir for høg. Det er likevel grunnlag for å gjennomføre planlagde investeringar og auke lånegjelda noko dersom kommunen har tilstrekkelege store netto driftsoverskot.

Kommunen må såleis opparbeide større netto driftsoverskot til å dekke auka kapitalutgifter av låneopptaka. Dessutan må kommunen opparbeide noko større disposisjonsfond.

Kommunen har lagt til grunn at disposisjonsfondet bør vere minimum 10 prosent av driftsinntektene. For resten av planperioden er måttalet 14 prosent av driftsinntektene. Det er realistisk å nå denne målsetjinga for disposisjonsfondet. Det er viktig at kommunen opparbeider noko større disposisjonsfond som driftsreserve når gjeldsnivået er pårekna å bli høgare.

Med helsing

Lars Sponheim

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent